



10.000 kr

Masterstudent Ida Hetland samlar inn pengar til fattige born i Guatemala. Hjelpesfondet hennar, Idas Hjelpesfond, fekk ei julegåve frå SiS på 10 000 kroner i fjor.

Eit studieopphald i utlandet og rein tilfeldigheit har gjort sitt til at Ida Hetland er den personen ho er i dag.

– Eg studerte økonomi i England i 2007, og der budde eg saman med ein gut frå Guatemala. Eg og to venninner frå Frankrike hadde lyst til å besøke han. Same året gjorde me det, og me fann fort ut at han høyrde til eliten i landet, fortel ho.

JOBBA PÅ BARNEHEIM

Hetland ville reise tilbake for å sjå meir av verkelegheita blant dei fattige i Guatemala. I 2009 reiste ho difor ned dit for å vere der i to månader. Denne gongen reiste ho til byen Antigua, som ligg ein time utanfor hovudstaden.

– Eg lærte meg spansk og jobba på ein barneheim som heitte Casa Jackson, i tillegg til at eg jobba på ein skule. Likevel tenkte eg at det måtte vere mogleg å bidra meir til landet, på ein annan måte enn å berre jobbe, fortel Bryne-jenta.

2 000 BLEI TIL 70 000

Då Hetland kom tilbake til Noreg, starta ho ei Facebook-gruppe og oppretta ein konto i Time sparebank for pengar som skulle vere øymerka «veldeidighet». Folk kunne finne eit kontonummer på Facebook-gruppa og gje pengar på denne måten.

– Dei som jobba i banken spurde kor mykje eg trudde ville kome inn på kontoen. Eg svarte maksimalt 2 000 kroner. Tre veker seinare var det 70 000 kroner på kontoen, seier Hetland med iver i stemma.

Bryne-jenta samla også inn klede før ho skulle reise tilbake neste gong. Då ho kom tilbake til Guatemala, kunne ho mellom anna kjøpe livsviktige medisinar og myggnetting til innbyggjarane i byen Antigua.

– *Kva gjorde inntrykk på deg i Guatemala under desse opphald?*
– Først og fremst såg eg at underernæring er eit stort problem. Eg jobba på den vesle barneheimen Casa Jackson, og der gjorde dei små, underernærte babyane stort inntrykk, seier ho.

MANGE BALLAR I LUFTA

I tillegg til å drive Idas Hjelpesfond, er Hetland masterstudent i økonomi ved Universitetet i Stavanger (UiS). Ho har vore praktikant i Amnesty dette året og har også arbeidd med unge rusmisbrukarar i Stavanger. Ho likar å ha mange ballar i luften.

– Når du driv med noko du brenn for, så prioriterer du. Det er til tider travelt, men det går litt i rykk og napp, seier den engasjerte jenta. Ho skal no flytte til New York for å ta meir utdanning.

– Eg skal ta ein ny mastergrad i internasjonal utvikling og menneskerettar, som er retta inn mot hjelpearbeid. Og så er det ein kortare og billegare veg til Guatemala, legg ho til.

JULEGÅVE FRÅ SIS

Hetland tykkjer det er godt å vite at ho har støtte frå UiS, og vart svært glad for julegåva frå Studentsamskipnaden i Stavanger (SiS) ho fekk i fjor.

Andletet til masterstudenten bryt opp i eit stort smil:

– Det var heilt fantastisk! Det hadde eg ikkje rekna med. Eg er jo student her, så det er veldig kjekt med støtte frå studentsamskipnaden, seier ho med glød i stemma.

– *Korleis vil desse pengane kome til nytte?*

– Pengane vil først og fremst gå til operasjonar til fleire born. Hjelpesfondet betalte for tre operasjonar førre gong, og operasjonar kostar mellom sju til ti tusen kronar. Desse operasjonane kan gje eit lite born eit heilt nytt liv, seier Hetland.

TØFF OPPVEKST

På barneheimen Casa Jackson, møtte Hetland jenta Magaly, som rørde henne.

– Magaly på to år traff eg under opphaldet i oktober i fjor. Ho var ei av dei eldste jentene på barneheimen og var underernært. Ho kunne heller ikkje gå på grunn av ein medfødt hoftefeil, seier Hetland.

Med stor innleving fortel ho om Magaly som berre kunne ligge i senga si, og at ho og dei andre som jobba på barneheimen gav ho mat annankvar time.

IDAS HJELPEFOND

- Starta i 2010 av Ida Hetland frå Bryne.
- Alle pengesummar går til fattige born og familiar i Guatemala.
- Pengane som har blitt samla inn har blitt brukt til å bygge hus, kjøpe medisinar, finansiere operasjonar, kjøleskap, vaskemaskin og myggnetting til nokon som verkeleg trong det.



ENGASJERT: Ida Hetland driv hjelpeorganisasjonen Idas Hjelpesfond som hjelper fattige born i Guatemala.

«Operasjonar kostar mellom sju og ti tusen kroner. Desse operasjonane kan gje eit lite born eit heilt nytt liv.»

– IDA HETLAND
MASTERSTUDENT SOM STARTA IDAS HJELPEFOND

Magaly hadde hatt ein tøff oppvekst før ho kom til Casa Jackson.

– Magaly hadde ein far som slo både ho, søstrene hennar og mora, så familien flykta frå faren. Nokre amerikanarar frå ein bistandsorganisasjon bygde eit nytt hus til familien, og gav dei mat og medisinar. Faren klarte diverre å spore dei opp igjen og kom og raserte heile huset, seier Bryne-jenta.

ENDRAR LIV

På Idas Hjelpesfond sine nettsider står det at organisasjonen «fokuserer på enkeltindivid, for du kan ikkje hjelpe alle, men endre heile livet til nokon.»

– *Korleis er det å vere med på å endre livet til eit lite born?*

– Det er heilt ubeskriveleg. Til dømes Magaly som har ein tragisk bakgrunn, som berre har lege i senga medan syskena har leika. Tilfeldigvis får eg vere med og hjelpe ho til eit betre liv. Slik får eg energi til å fortsetje. Eg ser kor lite som skal til for at ungar i dette landet kan få eit heilt nytt liv, seier Hetland og fortel vidare at Guatemala har endra henne som person.

– Guatemala har sett spor i meg. Det har endra måten eg tenkjer på og det har gjeve meg lyst til å bidra på grunn av landet eg er ifrå. Det har vore ein vekkar å sjå kor godt me har det, samtidig som me kan lære meir om andre kulturar, seier ho.

SKAL TILBAKE I MAI

Faren til Magaly tok alle medisinarane og selde dei, mest sannsynleg for å kjøpe alkohol.

– På grunn av hoftefeil fekk Magaly kome til barneheimen. Den første tida Magaly budde der, slo ho ofte hovudet i veggen som ein reaksjon på det fysiske misbruket frå faren. Etter kvart forbetra ho seg veldig, og eg brukte pengane frå hjelpesfondet til ein operasjon på eit privatsjuehus for hofte hennar. Operasjonen var vellukka, og legane sa at det ville ta ni månader før ho ville klare å gå. Til alle si forundring, klarte Magaly å gå med gips allereie etter to eller tre månader, fortel Hetland.

Ho vil gjerne halde fram med å følge opp Magaly med fysioterapi. Ho seier at den vesle jenta skal til ein ny sjekk no i januar.

– Eg skal tilbake til Guatemala i mai, og då håpar eg ho kjem springande mot meg, seier ho med eit stort smil.



BETRE LIV: Ida Hetland her saman med Magaly som fekk ein hofteoperasjon finansiert av Idas Hjelpesfond. (Foto: Borghild Ree Strand)